



## Sogn regionråd

### Møteinnkalling

**Utval:** **SOGN REGIONRÅD**

**Møtestad:** Sognefjord Hotel, Hermansverk

**Møtedato:** 28.10.2016

**Tid:** 09:30 - 14:00

Eventuelt forfall skal meldast til telefon 57 62 96 14 - Varamedlemmar møter etter nærmere avtale.

### Dagsorden

0930	Ordførar Jon Håkon Odd ønsker velkommen til Leikanger kommune Oppmøte Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av protokoll frå møtet 16.9.2016 Handsaming av saker i Sogn regionråd
1130	Lunsj
1230	NAV Økonomiteneste – orientering om verksemda Direktør Ellen Marie Njøs Lillesvangstu
1315	NAV i ei ny tid – korleis skal vi vidareutvikla NAV i Sogn og Fjordane? Direktør Tore Thorsnes og avdelingsdirektør Knut Steinar Eitungjerde, NAV Sogn og Fjordane
1400	Vel heim!

## **Sakliste**

Saksnr.	Arkivsaksnr.
	<b>Tittel</b>
<b>25/16</b>	16/479-22 <b>Regionalplan for Sogn regionråd 2017-2020 - endra framdriftsplan og auka ramme</b>
<b>26/16</b>	16/4557-1 <b>Møteplan for 2017</b>
<b>27/16</b>	16/482-9 <b>Orienteringssaker</b>

Sogndal, 14.10.2016

Jan Geir Solheim  
nestleiar

Karina Nerland  
dagleg leiar

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 16/479

Arkiv: 130

**Saksnr.:** Utval  
25/16 Sogn regionråd

**Møtedato**  
28.10.2016

**Sak** 25/16

**Regionalplan for Sogn regionråd 2017-2020 - endra framdriftsplan og auka ramme**

**Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek endra framdriftsplan for regionalplan 2017-2020 slik den ligg føre.

Sogn regionråd set av ytterlegare kr 90 000 av regionale utviklingsmidlar og fondsmidlar div. prosjekt i 2016 til arbeidet med regionalplanen 2017-2020.

**Vedlegg:**

Endra framdriftsplan for regionalplan 2017-2020

**Saksutgreiing:**

**Bakgrunn:**

Sogn regionråd er i gang med arbeidet med regionalplan for 2017-2020. Regionrådet handsama evaluering av gjeldande plan i møtet 6.11.2015 og framdriftsplan for ny plan 4.12.2015. I rådsmøtet 8.4.2016 vart framdriftsplanen endra grunna kommunereforma, og drøftingane i formannskapa om evaluering og utfordringar og moglegheiter vart utsett til hausten. Regional analyse for Sogn frå Telemarksforsking vart tilsvarande utsett og førebels versjon var klar i september. Felles formannskapsmøte vart gjennomført 30.9.2016. Det var innleiingar og drøfting i arbeidsgrupper om kva som bør vera satsingane framover.

Rådet sette av regionale utviklingsmidlar med kr 130 000 i møtet 10.2.2016 til arbeidet med regionalplanen. Midlane går til regional analyse frå Telemarksforsking, til gjennomføring av felles formannskapsmøte og til planarbeidet.

Rup-gruppa møttest 4. oktober og drøfta oppsummering av innspela frå felles formannskapsmøte og aktuelle tema til planen. Rup-gruppa tilrår ei utviding av regionalplanarbeidet med å innhenta plandokument frå kommunane, møte kommunane i oktober og orientere om planen i politiske organ i november.

**Vurdering:**

RUP-gruppa ønskjer at plandokument (kommuneplan, næringsplan) frå kommunane blir tekne med som grunnlag for regionalplanarbeidet. Rådet sine satsingar må vera innan område som sterkest bidreg til nå føremålet til Sogn regionråd, innan område som regionrådet har virkemiddel på og kan påverka.

Etter drøftingane i rup-gruppa er vedlagde framdriftsplan endra. Vi innhentar samfunnsdel av kommuneplan og næringsplan frå kommunane og møter kommunane (ordførar, rådmann,

Sogn regionråd

næringsjef) for å drøfta aktuelle satsingar og tiltak til regionalplan for regionrådet. Tema for gjennomgangen blir satsingar som regionrådet kan påverke og gjennomføre og har virkemiddel på.

I tillegg til møta vert det lagt opp til å orientere formannskap eller kommunestyre om regionalplanen og aktuelle strategiar og tiltak i løpet av november. Grunna stram tidsramme kan det vera aktuelt med meir bistand frå ekstern konsulent til planarbeidet i oktober og november. Det bør også setjast av midlar til møte-/reiseutgifter og til trykking. Administrasjonen tilrår at det vert sett av ytterlegare kr 90 000 til arbeidet med regionalplanen.

Sogn regionråd

Vedlegg

## Regionalplan for Sogn regionråd 2017-2020 - framdriftsplan

### **Innleiing**

Sogn regionråd er eit samarbeidsorgan for ni medlemskommunar i indre og midtre Sogn. Rådet skal vera ein felles arena med fokus på å sikra og vidareutvikla rammevilkåra for busetnad og næringsliv i regionen. Sogn regionråd skal også fungere som base for definerte prosjekt og vidare ha som mål å samordna og forenkla oppgåver for eigarane. Regionalplanen blir laga kvart fjerde år. Planen skisserer dei viktigaste satsingsområda som kommunane vil samarbeida om dei neste fire åra.

Regionalplan har fokus på det regionale perspektivet og felles satsingar. Regionalplanen består av ein strategisk del og ein tiltaksdel. Regionalplanen skisserer utfordringar og moglegheiter for regionen, prioriterer felles mål, satsingsområde og strategiar for fireårsperioden. I gjeldande plan er det tre satsingsområde: 1) Næringsutvikling, 2) Samferdsle og 3) Helse. Tiltaksdelen blir rullert kvart år i perioden.

### **Kunnskapsgrunnlag**

Regionrådet bør vurdera å få utarbeidd ein regional analyse av ein forskingsinstitusjon som skisserer regionale utviklingstrekk for befolkning og arbeidsplassar og aktuelle scenarier. Ein analyse vil gje deltakarane innsikt i korleis dei sjølve kan påverka utviklinga, og slik gje grunnlag for arbeidet med regionalplanen.

### **Formål**

- styrka næringsutvikling
- auka folketal

### **Resultatmål**

Arbeidet med regionalplanen skal sikra medvirkning, eigarskap og forankring i kommunane.

### **Deltakarar i planarbeidet**

Deltakarer i arbeidet er ordførarane, formannskapsmedlemmane, rådmennene og næringssjefane /næringsselskapa.

Samarbeidspartar og eksterne aktørar som er aktuelle å invitera til fellesmøte og høyringa er mellom anna fylkeskommunen, Høgskulen, Vestlandsforsking, Innovasjon Norge og Distriktsenteret.

### **Organisering**

Sogn regionråd er eigar av planprosessen. Planarbeidet krev ingen mellombels organisering innanfor den ordinære organiseringa.

Sogn regionråd tek stilling til framdriftsplanen med opplegg for fellesmøte/arbeidsmøte, framdrift og korleis gjennomføre høyringa. Sogn regionråd er styringsgruppe og tek stilling til framdrifts- og prosessplan, tilrår regionalplanen til kommunane og vedtek planen etter høyringa. Sogn regionråd vedtek tiltaksplanane.

Arbeidsgruppa for regionalplanarbeidet (RUP-/næringsutviklingsgruppa), samansett av fire ordførarar, følgjer opp regionalplanen mellom anna med å utarbeida framlegg til regionalplan. RUP-gruppa førebrur den årlege rulleringa av tiltaksplanen før handsaminga i rådet.

## Sogn regionråd

Dagleg leiar har ansvaret for at regionalplanarbeidet vert gjennomført i samsvar med prosessplanen, og har ansvar for at framdrift i prosessen vert ivareteken og er sekretær for regionalplangruppa. Det er aktuelt å leiga inn eksterne prosessleiar til arbeidsmøte. Høgskulen kan vera aktuell for ev. rådgjeving. Det er aktuelt å utfordra deltakarane i felles formannskapsmøte (politikarar, næringssjef og samarbeidsaktørar) til å møtest igjen i arbeidsgruppene for drøfting, prioritering og konkretisering i høve planarbeidet.

### Prosessens

Planen er ikkje ein plan etter plan- og bygningslova, men er rådet sitt verktøy for arbeidet med regional utvikling. Kommunane har ulike behov og utfordringar og skal samla seg om felles løysingar. Regionrådet si rolle er å vera regional utviklingsaktør og då bør rådet vera gode på prosess. I arbeidet med regionalplanen er hovudutfordringa å få til eigarforhold og forankring i kommunane. Felles formannskapsmøte vil bidra til sterke eigarskap til planen.

Etter at planframlegget er handsama i Sogn regionråd, blir planen sendt på høyring til kommunestyra for tilslutting og ev. innspel. Dette vil bidra til å styrka forankringa til regionalplanen. Samarbeidspartar og andre aktørar kan også få høve til å gje innspel.

### Milepælar

Periode/ tidsfrist	Aktivitet
4. desember 2015	Sogn regionråd tek stilling til framdrifts- og prosessplan
Januar og februar 2016	
10. februar 2016	Sogn regionråd set av midlar til regional analyse for Sogn
August – september 2016	Kvart formannskap drøftar og evaluerer regionalplan 2013-2016, jf dokument handsama i Sogn regionråd 6.11.2015 og utfordringar og moglegheiter i forkant av fellesmøte
30. september 2016	Arbeidsmøte med formannskapa, rådmenn, næringsansvarlege og eksterne aktørar. Foredrag og arbeidsverkstad
Oktober 2016	RUP-gruppa drøftar planarbeidet
Oktober-november 2016	Oppsummering, kategorisering av mål, strategiar og satsingsområde og planframlegg
November	Orientering om regionalplanen i formannskapa/kommunestyra
9. desember 2016	Sogn regionråd vedtek å senda planframlegget (strategidelen) på høyring
Januar–februar 2017	Kommunestyra og eksterne aktørar handsamar planframlegget (strategidelen)
April 2017	Sogn regionråd vedtek <ul style="list-style-type: none"> <li>- regionalplanen 2017-2020 (strategidelen)</li> <li>- tiltaksplanen for 2017</li> </ul>

**Framdriftsplan**

<b>Delmål/fasar Kvifor?</b>	<b>Aktivitet Kva?</b>	<b>Arbeidsmetode Korleis?</b>	<b>Aktørar Kven?</b>	<b>Tidsrom Når?</b>
Avklara framdriftsplanen	Drøfta og ta stilling til framdrifts- og prosessplan	Drøfting på bakgrunn av forslag frå administrasjonen	Sogn regionråd	4. desember 2015
Kunnskapsgrunnlag til deltakarane i forkant av felles arbeidsmøte.	1) Regional analyse over utviklingstrekk frå forskingsinstitusjon 2) Kronikkar av forskings-, kompetansemiljø og næringsorganisasjon	Drøfta behovet for analyse – setje av midlar. Vurdera aktørar til kronikkar	Sogn regionråd RUP-gruppa/dagleg leiar	Februar – august 2016
Evaluera regionalplan 2013-2016	Formannskapa drøftar med utgangspunkt i notatet «Evaluering av regionalplan for Sogn regionråd» (jf møtet 6.11.2015): Kva har vi vore gode på? Kvifor? Kva kan vi bli betre på? Korleis?	Drøfting og tilbakemelding i felles formannskapsmøte	Formannskapa	August – september 2016
Formannskapa føreburer seg til fellesmøtet	Drøfta utfordringar og moglegheiter i forkant av felles formannskapsmøte. Kva satsingar bør rådet prioritera?	Drøfting	Formannskapa	August – september 2016
Forarbeid til arbeidsmøte/ stormøte	Program og innhald til arbeidsmøte	Vurdera tema/innleiarar og førebu oppgåver til gruppearbeid	RUP-gruppa/dagleg leiar	April-juni 2016
Felles formannskapsmøte	Innleiingar og gruppearbeid	Førelesning og arbeidsverkstad	Formannskapsmedlemmar, rådmenn, næringssjefar og eksterne aktørar	30. september
Møte i RUP-gruppa	Oppsummera møtet og avklare vidare arbeid.	Drøfting	RUP-gruppa, dagleg leiar og prosessleiar/ekstern konsulent	Oktober
Etterarbeid: Kategorisering	Samanfatta /kategorisera: mål, strategiar, satsingsområde.	Gruppera innspela	Dagleg leiar og ekstern konsulent	Oktober-november

## Sogn regionråd

Etterarbeid: Regionalplanutkast	Arbeide med og diskutera regionalplanutkast. Prioritering i høve følgjande kriterium: - kva område som sterkest bidreg til å nå føremålet til Sogn regionråd - kva regionrådet har virkemiddel på - kva område regionrådet kan påverka mest.	Planutkast	RUP-gruppa	November
Planframlegg	Handsaming av planframlegget	RUP-gruppa kjem med tilråding til rådet	Sogn regionråd	Møte 9. desember
Høyring av planframlegget	Handsaming av framlegg til regionalplan for 2017-2020	Planframlegget blir handsama i kommunestyra	Kommunane og eksterne aktørar	Desember 2016- februar 2017
Regionalplanen og tiltaksplan blir vedteken	Handsaming av regionalplanen 2017-2020 etter høyringa. Handsaming av tiltaksplanen 2017	RUP-gruppa vurderer innspela og kjem med tilråding etter høyringsrunden	Sogn regionråd	April 2017

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 16/4557

Arkiv: 033 &amp;85

**Saksnr.:** Utval  
26/16 Sogn regionråd

**Møtedato**  
28.10.2016

**Sak** 26/16

### **Møteplan for 2017**

#### **Tilråding:**

Møteplan for 2017:

Regionrådsmøte:

15. februar

31. mars

4. mai

16. juni

15. september

27. oktober

8. desember

Møte for interkommunale selskap:

21. april

20. oktober

#### **Saksutgreiing:**

Forslag til møtedatoar er:

Måndag 15. februar, Bergen (karrieremesse)

Fredag 31. mars, Sogndal

Torsdag 4. mai, Høyanger (entreprenørskapsmesse)

Fredag 16. juni, Balestrand

Fredag 15. september, Aurland

Fredag 27. oktober, Årdal

Fredag 8. desember, Luster

Utanom to av møta som er lagt i samband med karrieremesse i Bergen (15.2.) og entreprenørskapsmesse i Høyanger (4.5.) er regionrådsmøta lagt til fredagar. Møtestader elles i oversikta over kan endrast. Det kan vera aktuelt å leggja ordførarsamlinga til Arendalsveka.

Dei to møtedagane for interkommunale selskap er også lagt til fredagar: 21. april og 20. oktober.

---

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 16/482

Arkiv: 062

---

**Saksnr.: Utval**  
27/16 Sogn regionråd

**Møtedato**  
28.10.2016

**Sak** 27/16

### **Orienteringssaker i Sogn regionråd**

#### **Orienteringar og drøftingar**

1. Leiar
2. Innspel frå medlemane
3. Arbeidsgruppene
4. Rådmannsgruppa
5. Administrasjonen: Ny regionalplan - oppsummering
6. NAV Økonomiteneste ved direktør Ellen Marie Njøs Lillesvangstu - bedriftsbesøk
7. NAV Sogn og Fjordane ved direktør Tore Thorsnes og avdelingsdirektør Knut Steinar Eitungjerde. Rapport «Løysingsdyktige og myndige NAV-kontor», framlegg til fråsegn og følgjebrev er lagt ved. NAV sender endeleg fråsegn til direktoratet etter regionrådsmøtet.

#### **Skriv og meldingar**

1. Regional transportplan, brev frå fylkeskommunen av 8.9.2016
2. Fråsegner frå Sogn regionråd
  - Politireforma 3.10.2016
  - Fylkesmannens framtidige struktur, 14.10.2016
3. Referat frå møte i RUP-gruppa 4.10.2016



Jf. adresseliste

Dato  
LEIKANGER, 08.09.2016

## Regional transportplan 2018 - 2027

I møte den 22.06.16 godkjente fylkesutvalet [planprogrammet for arbeid med Regional transportplan 2018 – 2027](#). Det godkjente planprogrammet skal leggast til grunn for arbeidet med Regional transportplan 2018 – 2027.

Planarbeidet er no starta opp og vil skje i to fasar. I fase 1 skal vi få på plass eit kunnskapsgrunnlag som vil bli lagt til grunn for utarbeiding av handlingsprogram (fase 2). I arbeidet med kunnskapsgrunnlaget vil vi gjennomføre analysar på dei tema som er fastlagt gjennom planprogrammet. Kunnskapsgrunnlaget skal vere ferdig i løpet av februar/mars 2017.

Arbeidet med kunnskapsgrunnlaget er omfattande med mange tema som skal analyserast og greiast ut. Dette arbeidet er fordelt internt på ulike avdelingar i fylkeskommunen, samt til Statens vegvesen. For enkelte tema vil det vere behov for ekstern kompetanse.

For å få eit så godt kunnskapsgrunnlag som mogleg, inviterer vi Dykk til å kome med innspel på dei tema som skal greiast ut.

Det er utarbeidd skjema for innspel til analysearbeidet til Regional transportplan. Her vil du også finne oversikt over analysetema som skal greiast ut. Innspelsskjema og oversikt over analysetema ligg på vår [heimeside](#).

### Framdriftsplan

Arbeidet med Regional transportplan skal vere ferdig i mai/juni 2017. Eit framlegg til ny transportplan med handlingsprogram vil bli lagt ut til offentleg ettersyn i slutten av juni 2017 med høyringsfrist september/oktober 2017. Transportplanen skal godkjennast i fylkestinget desember 2017.

I utgangspunktet var det planlagt eit oppstartsmøte på arbeidet med Regional transportplan. Vi har kome fram til at det ikkje vart nødvendig då det vart gjennomført ein høyringskonferanse både på Nasjonal transportplan og planprogrammet til Regional transportplan i slutten av april i år. Skal vi gjennomføre eit oppstartsmøte må vi ha noko nytt å legge fram etter høyringskonferansen. Det har vi ikkje pr. i dag. Vi legg difor opp til eit informasjonsmøte i løpet av januar 2017, der vi vil presentere førebelse konklusjonar frå analysearbeidet.

Analysedelen/kunnskapsgrunnlaget vil vere utgangspunktet for utarbeiding av eit handlingsprogram til regional transportplan. I tillegg vil dette også danne grunnlaget

for utarbeiding av ein handlingsplan for trafikktrygging. Arbeidet med handlingsprogram til transportplanen og handlingsplan for trafikktrygging vil starte opp i løpet av februar 2017. Når dette arbeidet vert starta opp vil vi be om innspel på konkrete tiltak knytt til handlingsprogram/handlingsplan. Dette vil vi kome tilbake til seinare.

I samband med høyringa på Regional transportplan hausten 2017 vil vi arrangere eit eige høyringsmøte. Høyringsmøtet vil bli gjennomført i løpet av september 2017.

Vi oppmodar Dykk om å nytte høvet til å kome med innspel både til analysefasen og til handlingsprogram/handlingsplan. Vi ber om at de er tydelege på dykkar prioritering av konkrete tiltak. Alle innkomne innspel vil bli registrert og vurdert fortløpande.

Med helsing

Dina Lefdal  
Fylkesdirektør samferdsle

Ole Ingar Hagen Hæreid  
plan- og beredskapsleiar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*



Vest politidistrikt

Sakshandsamar:  
Karina Nerland  
Tlf: 57 62 96 14  
**Vår ref.**  
16/3686-22  
**Dykkar ref.**  
201603042  
**Dato**  
03.10.2016

## Politireforma 2016 – fråsegn frå Sogn regionråd

Denne fråsegna omfattar polititenesta i kommunane Årdal, Lærdal, Aurland, Sogndal, Luster, Leikanger, Vik, Balestrand og Høyanger.

Sogn regionråd er oppteken av at politireforma frå Stortinget si side er ei nærpoltireform som skal sikra tilgjengeleg og synleg politi, kort responsid, god førebygging og polititilsette som arbeider og bur i folk sitt nærmiljø.

Sogn regionråd er sterkt kritiske til ei ytterlegare sentralisering av viktige offentlege tenester. Politireforma må ikkje gå inn i ei rekke av reformer som «flyttar» allereie knappe resursar inn mot sentrale strøk. Føresetnadene frå Stortinget om eit sterkare næropoliti må fylgjast opp.

Lensmannskontora våre er viktige i høve:

- førebyggjande og haldningsskapande arbeid, noko ein ser att på låge tal innan kriminalitet, vold og narkotika,
- tryggleiken og servicen til innbyggjarane våre og
- beredskap – der lokalkunnskapen deira er svært viktig og ofte avgjerande.

Sogn regionråd har eit klart ønske om å oppretthalda og styrkja dagens struktur og polititeneste i sogneregionen. Derfor krev kommunane at lensmannskontora blir oppretthaldne også etter at politireforma blir gjennomført.

Sogn regionråd vil vidare påpeike at dei økonomiske resursane til beredskap, vaktordning og generelt politiarbeid i Sogn i dag er lang ifrå tilfredsstillande. Vidare omfattar kommunane eit stort geografisk område med store avstandar. Dei geografiske omsyna i Sogn understrekar trangen for styrka økonomiske ressursar. Dette uavhengig av kva politimeistaren konkluderer med i høve nærpoltireforma.

Sogn regionråd krev at det framleis skal vere 3 politiregionar i Sogn og Fjordane, og at politiregion Sogn skal bestå som i dag.

Med helsing

Petter Sortland  
Leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift



## Utgreiing om fylkesmannens framtidige struktur

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har sett i gong ei utgreiing av framtidig struktur og storleik for fylkesmannsembeta. Målsetjinga for arbeidet er å gje departementet eit godt grunnlag for å vurdere kva som er føremålstenleg inndeling av embeta, gitt dei oppgåver og roller fylkesmannen skal ivareta i forvaltninga no og i tida framover. I byrjinga av juli i år var det første utgreiings- og analysearbeid lagt fram. Dette førebelse utkastet vart sendt på ein innspelsrunde (høyring) til utvalde, relevante aktørar og samarbeidspartar. Høyringsfrist vart sett til 14.10.16. Målet er at arbeidet med utgreiinga skal sluttførast innan utgangen av året.

Kommunane er fylkesmannen sine viktigaste brukarar og samarbeidspartnarar, og det er eit viktig mål at stat og kommune fungerer best muleg saman.

Også andre reformprosessar og utviklingstrekk i forvaltninga har etter regjeringa sitt syn aktualisert behovet for ei vurdering av inndelinga av fylkesmenn. Det skal gjennomførast ei regionreform der målet er om lag ti nye folkevalde regionar. Betydelege endringar i inndelinga av ei rekke regionale statsetatar i løpet av dei siste 15-20 åra har også medført endra rammevilkår for fylkesmannen si samhandling og samarbeid med desse etatane.

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal – og har følgjande innspel til utgreiinga:

Sogn regionråd meiner fylkesmannen si organisering og struktur bør samsvare med det folkevalde regionale nivået. Dersom regionreforma fører til at fylke på Vestlandet vert slegne saman, bør embeta ha felles inndeling med det nye regionale nivået.

Sogn regionråd meiner fylkesmannsembetet bør ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, med leiing frå Sogn og Fjordane og Leikanger, slik dei tre fylkeskommunane har avtalefesta i intensjonsplanen for den nye Vestlandsregionen. Sogn regionråd meiner og at i ein ny region bør fylkesmannen ha hovudsete på Leikanger.

Sogn regionråd meiner at fylkesmannen si rolle for å få til god samhandling i Sogn og Fjordane ikkje må undervurderast. Val av ny modell må derfor sikre at det er nærliek til og samspel med kommunane. Fylkesmannen har i alle år vore ein viktig pådrivar for samarbeid innanfor skule, helse, beredskap, digitalisering og breibandutbygging i Sogn og Fjordane. Saman med Høgskulen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune har dei i lang tid vore ein viktig del av dei særskilte skuleresultata som vårt fylke er kjende for. Fylkesmannen, fylkeskommunen og høgskulen har vore viktige regionale utviklingsaktørar for heile fylket over lang tid. Sogn regionråd er uroa over at dette samarbeidet kan forvitre med ei ny organisering.

Statleg lokaliseringsspolitikk er ein del av regionalpolitikken og eit direkte virkemiddel som regjeringa rår over for å påverka den regionale balansen. Sogn regionråd meiner fylkesmannen i Sogn og Fjordane leverer godt innafor sine oppgåver, har brei kompetanse og rekrutterer godt.

Sogn regionråd vil i den samanheng særskild framheve at det over tid er etablert eit sterkt og godt fagmiljø for offentleg forvaltning i Sogn og Fjordane. Ved å sikre talet på offentlege arbeidsplassar meiner Sogn regionråd regjeringa og fylkeskommunen kan bidra til ei balansert regional utvikling.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har også teke på seg fleire nasjonale oppgåver og bør slik Sogn regionråd meiner det få tilført nye nasjonale oppgåver. Regjeringa kan på den måten syte for ei balansert regional utvikling i den nye regionen.

Med helsing

Petter Sortland  
leiar i Sogn regionråd

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*



## Sogn regionråd

### Referat

#### Møte i næringsutvikling-/RUP-gruppa

Møtenummer: 2/2016

Møtetidspunkt: Tysdag 3.10.2016 kl 11-13

Deltakarar: Ordførarane Arild Ingar Lægreid, Olav Turvoll og Petter Sortland. Dagleg leiar Karina Nerland (referent) og rådgjevar Harald Husabø, BDO. Forfall: Noralv Distad og Ivar Kvalen

#### Regionalplan for 2017-2020

Oppsummering av innspela frå felles formannskapsmøte og drøfting av aktuelle tema til planen.

RUP-gruppa ønskjer at plandokument (kommuneplan, næringsplan) frå kommunane blir tekne med som grunnlag for regionalplanarbeidet.

RUP-gruppa ønskjer at plandokument (kommuneplan, næringsplan) frå kommunane blir tekne med som grunnlag for regionalplanarbeidet. Rådet sine satsingar må vera innan område som sterkest bidreg til nå føremålet til Sogn regionråd, innan område som regionrådet har virkemiddel på og kan påverka.

Endra framdriftsplan:

- Innhenta samfunnsdel av kommuneplan og næringsplan frå kommunane og møte kommunane (ordførar, rådmann, næringssjef) for å drøfta aktuelle satsingar og tiltak til regionalplan for regionrådet. Dette gjeld satsingar som regionrådet kan påverke og gjennomføre og har virkemiddel på.
- Orientere formannskap eller kommunestyre om regionalplanen og aktuelle strategiar og tiltak i løpet av november

RUP-gruppa møtest før planen blir handsama i regionrådet 9. desember 2016.